

Stor blueskveld på Systrene

29.07.2011

Det ligg an til eit høgdepunkt i sesongen på Systrene Nilsen laurdag kveld, då XTina kjem med guttebandet sitt. Ho heiter eigentleg Christina Skjølberg og har etter berre eitt år på vegen gjort seg sterkt gjeldande på blues-scena vår. Dyktigheit, innleving og sjel er ord som går att.

Ho kjem frå Smøla og har på stutt tid vitja dei fleste bluesmiljø i landet. Ein blond, kvinneleg og venstrehendt gitarist er noko spesielt i seg sjølv og så kjem eit stort talent i tillegg. Ho spelar sologitar og syng.

Gutta heiter Tore Slåttsveen, Kyrre Sætran, Roar Kværnsveen og Eivind Gjelberg. Christinas Funky Blues Delivery spelar blus ispedd funk og rock og rettar seg mot eitt stort og allsidig publikum. Christina driv no med låtskriving og har plateplanar.

Av Ola Matti Mathisen